



Naturvernforbundet

Klima- og Miljødepartementet.
v/Rovviltnemnda i region 6
v/ Fylkesmannen i Trøndelag

13.11.2019

KLAGE – GAUPEKVOTE – JAKTA 2020

Vi viser til rovviltnemnda sitt vedtak i sak 26/19 den 24.10.2019.

Naturvernforbundet klager på vedtaket. Vi ber om at kvota blir endra, slik vi gjer greie for nedanfor.

Ved siste gaupemanntal blei det registrert 15,5 familiegrupper i region 6. Sidan då har det vore jakt og ynglesesong. Det var ei ganske stor kvote som blei skote omtrent full. Med anna avgang er det tale om 26 felte gauper. 10 av desse har vore vakse hodyr.


Dette skal normalt gje ein reduksjon i bestanden, også om ein reknar svensketillegg.

Med ein avgang på 35 dyr, av desse 12 hodyr, året før, må ein rekne med at dette forsterkar verknaden ytterlegare.

I NINA Rapport 1679-2019 er det rekna at bestanden tilsvarar 13 familiegrupper før jakt.

Det er ikkje sagt noko spesielt om ynglesesongen som kan påverke ynglesuksess. Så langt vi er kjent med har det i alle fall delvis vore kollaps i smånagarbestanden. Dermed kan ein ikkje vente noko toppår verken når det gjeld tal familiegrupper, tal ungar eller overleving første leveår. Stort meir enn dette får vi vel ikkje vite før om eit par år, når ein ser dette over lengre tid.

Når ein ser på registreringa av familiegrupper sist vinter, ser det ut til å vere ein viss bestand av gaupe i forvaltingsområda i Møre og Romsdal og sørvestdelen av Trøndelag. Bestanden blir tynnare austover og nordover i Sør-Trøndelag. I Nord-Trøndelag er det litt bom på forvaltingsområdet. Indre Namdal har mange familiegrupper og mange felte dyr i siste jakt.



Til venstre familiegrupper vinteren 2019, frå NINA Rapport 1679 2019. Til høgre avgangen av gaupe 2019, frå Rovbase.

Sekretariatet har rekna ut at det skal vere ein jaktbar avkasting på 17 dyr, av desse 6 vakse hodyr.

Det har i ein del år vore eit svensketillegg i Indre Namdal. For å ha ei styring med det auka uttaket her, må ein skilje ut Indre Namdal både når det gjeld kvote og hodyrandel. Det er løysinga her som ikkje er tilfredsstillande, og som er hovudårsaka til denne klaga.

Når vi fordeler kvota slik vi meiner ho bør vere, går i alt 13 dyr til alt utanom Indre Namdal og 4 til Indre Namdal. Av hodyrkvota på 6 lar vi 5 gå til utanom Indre Namdal og 1 til Indre Namdal. Så kan vi gå med på svensketillegg til Indre Namdal. Vi ønskjer ikkje å auke totalkvota på hodyr, men meiner at det ikkje treng vere hodyrkvote for Indre Namdal med den dynamikken i bestanden som ligg til grunn for svensketillegget. Men det gjer det nødvendig at ein ikkje slår saman Indre Namdal med andre område på eit seinare tidspunkt i jakta.

Vi ber etter dette om følgjande kvotevedtak:

- Det åpnes for kvotefri jakt i hele Møre og Romsdal utenfor forvaltningsområdet, samt i kommunene Oppdal og Røros i Trøndelag.
- I de øvrige delene av region 6 åpnes det for kvotejakt. Totalkvoten for områdene som omfattes av kvotejakt settes til 26 gauper, hvorav maksimalt 6 voksne hunngauper. Det er ikke begrensning på hunndyr i kvoteområde Indre Namdal.
 - Startkvote på 23 gauper, hvorav 5 voksne hunngauper
 - Reservekvote på 3 gauper, hvorav 1 kan være voksen hunngaupe

Forvaltningsområdet i Møre og Romsdal: 2 gauper (hvorav maks 1 voksen hunn)

- Delområde A: Tingvoll og den delen av Sunndal som er nord for Driva: 1 gaupe
- Delområde B: Øvrige deler av forvaltningsområdet i Møre og Romsdal: 1 gaupe
- Delområdene slås sammen 1. mars 2020.

Forvaltningsområde i Trøndelag: 6 gauper (hvorav maks 2 voksne hunddyr)

- Delområde A: Halså, Rindal, Hemne, Snillfjord, Agdenes, Orkdal og Meldal: 3 gauper
- Delområde B: De deler av forvaltningsområdet som er fra Steinkjer og nordover: 2 gauper
- Delområde C: Øvrige deler av forvaltningsområdet sør for Steinkjer: 1 gaupe
- Delområdene slås sammen 1. mars 2020.

Områdene utenfor forvaltningsområdet for gaupe i Trøndelag, med unntak av områdene omfattet av kvotefri jakt: 15 gauper (Delområde A har ikke hunddyrbegrensning, for delområde B og C maks 2 hunddyr)

- Delområde A: Indre Namdal: 10
- Delområde B: Fosen: 3
- Delområde C: Øvrige deler av Trøndelag utenfor forvaltningsområdet: 2
- Delområde B og C slås sammen 1. mars 2020.

**Naturvernforbundet i
Møre og Romsdal**

Øystein Folden

**Naturvernforbundet i
Trøndelag**

Alette Sandvik